

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Olav Grov  
Arkivsaksnr.: 20/1744

Arkiv: N30

---

## Lustrabaatane AS sommaren 2020

### Rådmannen si tilråding:

Lustrabaatane AS får ein kommunal garanti for inntil kr 1.000.000 i tapte bilettinntekter i 2020 på sambandet Urnes – Solvorn samanlikna med trafikktalet i 2019. Grunnen til tapte inntekter er færre turistar grunna koronapandemien. Garantisummen vert finansiert ved forbruk av næringsfondet.

Lustrabaatane AS set opp eit rekneskap over drifta av ferja etter utgangen av året 2020, eit slikt rekneskap skal og inkludere dei kontanttilskota selskapet har motteke frå Staten. På bakgrunn av dette rekneskapet vil så rett garantisum inntil 1 mill kr, bli utbetalt frå Luster kommune til Lustrabaatane AS.

Rutefrekvensen på sommarrutene i 2020 vert noko redusert. I mai har det vore noko reduserte ruter, det held fram til 20. juni med litt auke. Frå 20. juni til 1. september vert det vanlege sommarruter og i september går ein attende til mairuta i 2020.

## **Saksutgreiing:**

### **Prenta vedlegg:**

**Uprenta vedlegg:** Notat frå Grete Bugge, ruteoppsett

**Utval som har vedtaksmynde:** Kommunestyret

### **Fakta:**

Lustrabaatane AS har teke kontrakt med Luster kommune om ferjedrifta mellom Solvorn og Urnes. Den gjeldande kontrakten går frå 1.1. 2015 til 31.12.21. Luster kommune skal betale Lustrabaatane kr 2.6 mill kr årleg i godtgjersle for ferjedrifta til Lustrabaatane. I kontrakten er det spesifisert korleis ruta skal vere gjennom året.

Lustrabaatane opplever no at «korona-situasjonen» vil føre til eit betydeleg fall i billettinntekter sommaren 2020. Ut frå erfaringane med utvikling av billettinntektene så langt i år, fram til 17. mai, har eigaren Grete Bugge stipulert eit inntektstap på bilettane på minst 50 % i 2020 for ferja Solvorn- Urnes. Det vil seie 1.6 mill kr (inkl mva) mindre inntekter enn førre sesong på årsbasis.

Yggdrasil AS er selskapet som eig Lustrabaatane AS. Yggdrasil er eigd av Grete Bugge. Selskapa har hatt ein stor vekst med kjøp av fleire båtar siste åra. Båtane har gått både i Aurlandsfjorden, Nerøyfjorden og i Haradangerfjorden Av ulike årsaker har det vore vanskeleg å få dei nødvendige inntektene frå satsinga. Det førebelse rekneskapet for 2019 Lustrabaatane syner underskot på drift og ein negativ eigenkapital.

I 2020 vil berre ein av båtane til selskapa vere operativ: Ferja Urnes på strekninga Urnes – Solvorn. Fartya Rasvåg, Klipperfjord, Fjærlandsfjord, Lustrafjord og MS Lady Elisabeth vil truleg ikkje bli sett i drift i 2020.

Det har vore kontakt med selskapet sitt banksamband som vil gje avdragsutsetjing, slik at selskapa kan gå vidare fram mot sesongen 2021.

Det har vore møte med eigar/styrerepr. i selskapet saman med deira revisor. Lustrabaatane ynskjer ein kommunal garanti for at inntektene for sambandet Urnes – Solvorn skal bli størst mogeleg.

I fylgje skriv som Grete Bugge har levert i saka, har ferjeruta Urnes – Solvorn gjeve overskot på drifta med ca 500. 000 kr årleg siste åra. Sitat : «Status 31.12 2018, Urnesferja genererer sitt forventa overskot +/- 500.000 kr.»

Det har vore samtalar med selskapet om kor mykje dei kan spare ved å ta ned rutefrekvensen. Det er avgrensa kor mykje innsparinga er, då mannskapet må vere på jobb uansett. Noko innsparing kan gjerast på drivstoff. I mai har det vore noko reduserte ruter, det vil det og bli i juni (nokre fleire avgangar i juni i høve mai) fram til 20. juni og i september. Frå 20.6 til 1.9 vil det vere vanlege sommarruter. Det har vore drøftingar med bygdelag og reiselivsverksemdar om dette.

Selskapet Lustrabaatane ynskjer ein «open garantisum» frå Luster kommune, og skriv slik:

*Me har på grunnlag av situasjonen søkt Luster Kommune om å stilla ein garanti for at sambandet får dekka dei tapte inntektene slik at ein kan få sikkerheit i om kor vidt ruta kan overleva.*

*Me har søkt om ein garanti for at sambandet vil få tilført dei inntektene trafikken ikkje leverer på grunn av pandemien. Det vil ikkje vera føremålsteneleg i denne situasjonen å sette eit beløp eller eit tak på garantien, men me føreslår ei avrekning anten månadsvist eller etter endt sesong der faktiske tapte inntekter vert lagt til grunn, og det blir gjort fråtrekk for det beløpet som tilfell sambandet frå kontantstøtta Lustrabaatane mottek.*

### **Vurdering.**

I denne «koronatida» våren 2020 er det mange verksemder i Luster som opplever stort inntektsfall. Særleg innan reiselivet opplever alle bedrifter svært stor nedgang i omsetning og inntening. Luster kommune kan i utgangspunktet ikkje dekke opp for dette utover det som ligg i vedtaket i k. sak 17/2020.

Verksemdene med økonomiske utfordringar må nytte dei tiltaka som er sett i verk av Staten, kontantstøtte og ekstra likviditetslån i bank evt med garanti frå Staten.

Samtidig må kommunen kunne stille opp i spesielle saker og ferjesambandet Solvor-Urnes, eit viktig kommunalt samferdsletilbod, vil vere i den kategorien.

I utgangspunktet er kontrakten, mellom Lustrabaatane AS og kommunen, ein nettokontrakt der trafikkinntektene går til selskapet og risikoen ligg hjå selskapet. Utviklinga i trafikk har vore god fram til 2020 og gjerne betre enn det som kunne påreknast ved oppstart av kontrakten. Det som no skjer i 2020 er sjølv sagt heilt ekstraordinært og definitivt utanfor det både selskapet og kommunen rår over. Sjølv om samfunnet no opnar opp igjen så vil det openbart bli ein trafikksvikt i 2020. Utanlandske turistar vil ikkje kome og det er usikkert i kor stor grad ev auke i norsk trafikk kan vege opp. Det er såleis usikkert kva trafikkinntekter ein kan oppnå og ev kva anna offentleg støtte som selskapet kan oppnå.

Det er viktig både for lokalsamfunnet og reiselivet at ferjedrifta har ein økonomi til å kunne gå trass i betydelege inntektsfall på grunn av koronapandemien. Det er rimeleg at kommunen støttar opp om drifta og derfor er rådmannen viljug til å strekke seg langt i denne saka.

Rådmannen finn det likevel krevjande å operere med ein garanti utan beløp noko som selskapet ynskjer. Alle vedtak omkring økonomi må/bør ha ei økonomisk ramme. Me har ikkje noko signal om at kommunen vil oppnå kompensasjon for å dekke opp her, det må påreknast at finansieringa vert kommunal og som tilrådd via næringsfondet.

Ved å vurdere den gode trafikktviklinga som har vore fram til 2020, selskapet sine egne vurderingar for 2020, ev andre støtteordningar og tilpassingar i ruteproduksjon m.m meiner rådmann det er rimeleg å fastsetja garantibeløpet til inntill 1 million kroner.

Om det skulle kome vesentleg ny informasjon inn i saka så får ein ev sjå på saka på nytt.

Ut frå den situasjonen som ligg føre vil rådmannen tilrå følgjande:

Lustrabaatane AS får ein kommunal garanti for inntil kr 1.000.000 i tapte bilettinntekter i 2020 på sambandet Urnes – Solvorn samanlikna med trafikktalet i 2019. Garantisummen vert finansiert ved forbruk av næringsfondet. Lustrabaatane AS set opp eit rekneskap over drifta av ferja etter utgangen av året 2020, eit slikt rekneskap skal og inkludere dei kontanttilskota selskapet har motteke frå Staten. På bakgrunn av dette rekneskapet vil så rett garantisum inntil 1 mill kr, bli utbetalt frå Luster kommune til Lustrabaatane AS.

Rutefrekvensen på sommarrutene i 2020 vert noko redusert. I mai har det vore noko reduserte ruter, det held fram til 20. juni med litt auke. Frå 20. juni til 1. september vert det vanlege sommarruter og i september går ein attende til mairuta i 2020.

Dato: 28.05.20

Jarle Skartun  
rådmann

Olav Grov  
Næringssjef

---

Særutskrift skal sendast: Grete Bugge <grete@lustrabaatane.no>  
m/kopi til:  
Berit Tandle Kroken